

HARDANGER OG VOSS MUSEUM



Forslingsplan 2023-2026

1	FORSKING VED HARDANGER OG VOSS MUSEUM	3
1.1	KVIFOR FORSKA VED HARDANGER OG VOSS MUSEUM	3
1.2	KVA ER FORSKING VED HARDANGER OG VOSS MUSEUM	3
1.3	FORSKING - KUNNSKAPSUTVIKLING - KUNNSKAPSIVARETAKING	3
2	RESSURSAR	4
2.1	FAGLEGE RESSURSAR	4
2.2	STILLINGSRESSURSAR	4
2.3	EKSTERNE MIDLAR	5
3	ORGANISERING AV FORSKING	5
3.1	FORSKINGSNETTVERK OG SAMARBEID	5
3.2	OPPFØLGING OG KVALITETSSIKRING AV FORSKING	5
3.3	FORSKINGSETIKK	6
4	PÅGÅANDE/AKTUELLE FORSKINGSPROSJEKT	6
4.1	FORSKING PÅ FOLKEKULTUR OG FOLKEKUNST	6
	<i>Skautfelling</i>	6
	<i>Krotting</i>	7
	<i>Utvandringa frå Voss til USA</i>	7
	<i>Vossaduken</i>	7
4.2	FORSKING PÅ MARITIM KULTUR	7
	<i>Ferjekultur</i>	7
	<i>Gaffelriggeprosjektet</i>	7
	<i>Jaktefarten</i>	7
	<i>Kyrkjebåtttradisjonar i Hardanger</i>	8
4.3	FORSKING PÅ KUNST, ARKITEKTUR OG SAMTIDSKULTUR	8
	<i>Ingebrigt Vik</i>	8
	<i>Samlingsbygget, Voss folkemuseum</i>	8
	<i>Utstillingsprogrammet 2018–23</i>	8
	<i>Opplevingar i verkstadar</i>	8
	<i>Hardingfela.no</i>	8
5	FORMIDLING AV FORSKING	8

1 Forsking ved Hardanger og Voss museum

1.1 Kvifor forska ved Hardanger og Voss museum

Forsking har vore og er ein av dei sentrale oppgåvene i musea sitt samfunnsoppdrag, og det viser att i nasjonale og internasjonale museumsdefinisjonar. I den siste museumsmeldinga vert det slått fast at «Forsking er ein del av musea si kjerneverksemd. Kulturdepartementet legg til grunn at alle musea med driftstilskot frå departementet legg til rette for, og sjølve utfører, forskning. Også ICOMs museumsdefinisjon legg til grunn at musea er institusjonar som skal forska» (Musea i Samfunnet, Stortingsmelding 23 (2020-21)).

Museet har som ambisjon å prioritera forskingsinnsatsen sin dei komande åra. Dette dokument er ein plan for museets forskingsinnsats dei komande tre åra, og planen skal reviderast årleg.

1.2 Kva er forskning ved Hardanger og Voss Museum

OECDs definisjon av forskning og utvikling (FoU) seier at «FoU er kreativ virksomhet som utføres systematisk for å oppnå økt kunnskap - herunder kunnskap om mennesket, kultur og samfunn - og omfatter også bruken av denne kunnskapen til å finne nye anvendelser» (henta frå nettsida til Statistisk sentralbyrå).

Innimellom blussar det opp ein diskusjon om forskning ved musea er noko anna enn forskning ved universitet og høgskular, og om det bør vera slik. Svaret er vel både ja og nei. Forskingsdefinisjon ovafor er gyldig for forskning enten den har utgangspunkt i eit museum eller i eit universitet. Det me kallar forskning må vera ny kunnskap som er ført fram gjennom metodisk og etterretteleg arbeid som let seg etterprøva. Dette siste er eit grunnleggjande metodisk og forskningsetisk prinsipp. På det viset stiller museet sin forskingsproduksjon på lik linje med anna forskning.

Samstundes er det openbert at ein institusjon som Hardanger og Voss museum som har kunnskapen knytt til samlingane sine (gjenstandar, fotografi, tekstmateriale og lydband) og til handlingsboren kunnskap knytt til kunnskapsfelt som tekstilkultur, bygningskultur, fruktdyrking og vår maritime kulturarv, samt kunstnarleg refleksjon og utprøving, bør få fram forskning som har sitt utgangspunkt i denne kunnskapen.

Museet har dessutan alltid vore ein formidlingsinstitusjon, og har i dag ambisjonar om å formidla kunnskap både om fortid og samtid til ålmenta. Det pregar og bør prega forskingsinnsatsen. Me driv difor i stor grad forskning som har utgangspunkt i vår region og som er interessant for den kulturinteresserte ålmenta. Mange museum har eit slikt perspektiv og ei eller annan regional tilknytning. Dette vil kanskje skilja mykje av museumsforskninga frå forskninga ved universitet og høgskular, og er truleg med på å sikra større breidde i forskingsinnsatsen i Noreg.

1.3 Forsking - kunnskapsutvikling - kunnskapsivaretaking

Hardanger og Voss museum er ei kunnskapsbasert verksemd. Både akademisk- og handverkskunnskap er grunnleggjande for arbeidet vårt. Dette inneber sjølv sagt ikkje at alt me produserer av kunnskap i tekst eller i praksis er forskning. OECD skriv om forskning at: «Et hovedkriterium for å skille FoU fra annen beslektet virksomhet er at FoU må inneholde et element av nyskaping og reduksjon av vitenskaplig og/eller teknologisk usikkerhet. Et normalt konstruksjons- eller planleggingsarbeid som følger helt etablerte rutiner regnes ikke til FoU, heller ikke innføring av kjent etablert teknologi i bedriften» (frå heimesida til Statistisk sentralbyrå).

Alle utstillingane, rapportane, artiklane og resultatane av den handlingsborne kunnskapen vår, til dømes båtar, reip og konsertar, er kunnskapsbasert og representerer ofte kunnskapsutvikling. Men ut frå definisjonen som er nemnt kan ikkje dette alltid karakteriserast som forskning. Til dømes vil ein dokumentasjonsrapport frå ei restaurering, der ein følgjer ein etablert dokumentasjonsmal, ikkje verta rekna som forskning. Men dersom ein set fartøyet, bygget eller gjenstanden i perspektiv i høve til

plassen i samfunnet (før eller no), eller drøftar og problematiserer dokumentasjonsmetodikken, vil ein straks nærma seg det som reknast for forskning. Overgangane her er glidande og er strengt tatt ikkje så veldig interessante, så lenge me som kunnskapsprodusent sjølv er klar over dette og ikkje påstår at all kunnskapsproduksjon me står for er forskning. Samstundes er det viktig at me innimellom utfordrar oss sjølve og tek oss tid til å driva slik forskingsaktivitet også.

Hardanger og Voss museum har satsa mykje på å samla inn, dokumentera og føra vidare handlingsboren kunnskap. Dette er viktig bevaringsarbeid og kunnskapsutviklande arbeid, men også innafor dette feltet er det slik at ikkje alt me gjer av viktig arbeid er forskning. Til dømes er ikkje materialinnsamling, eller det å gå saman med ein tradisjonsberar for å læra seg teknikkar, i seg sjølv forskning, men det kan vera del av ein forskingsprosess som gjennom perspektivering og systematisering gjev oss ny kunnskap om handverket og det tradisjonelle samfunnet. Av di handlingsboren kunnskap er eit hovudsatsingsområde ved museet, er det viktig at me har forskingsambisjonar innafor dette feltet. Me bør arbeida med metodiske problemstillingar knytt til feltet, og produsera forskingsresultat som har sin basis i den handlingsborne kunnskapen me tek vare på.

Det er eit generelt mål å driva grunnforskning i forbindelse med Riksantikvarens satsing på fagutvikling i fartøyvernet. Strategien i planperioden er tverrfagleg tilnærming til problemstillingar i pågåande fartøyvernprosjekt gjennom samarbeid mellom handverkar og akademikar. Vidare fokuserer me på samling, handtering og tilgjengeliggjering av sentralt kjeldemateriale for forskning innan tema som handlar om fartøyvernfaget.

Overgangen mellom forskning og anna kunnskapsproduksjon er altså glidande, og så lenge me produserer viktig kunnskap innafor fagfelte våre er det ikkje alltid så vesentleg kva den vert karakterisert som. Ein skal også vakta seg vel for å verdilada kunnskapen slik at ein ser forskning som meir vesentleg og verdfull enn annan kunnskap. Kva verdi han har kjem utelukkande an på kva du skal nytta kunnskapen til. Av og til ynskjer me å få fram ny kunnskap, i andre høve ynskjer me å bruka gamal kunnskap eller ta vare på og vidareformidla kunnskap som alt er kjent.

2 Ressursar

2.1 Faglege ressursar

Museet har (i 2023) tilsett 2 personar med doktorgrad og 11 personar med hovudfag/master innan kulturhistoriske- og kunsthag. Éin av desse har konservatorgodkjenning NMF. Fleire av dei med hovudfag har betydeleg produksjon etter avslutta hovudfag. Museet har dessutan fleire andre tilsette med spisskompetanse innan sine kulturhistoriske fagområde. Sjølv om museet har mykje kulturfagleg kompetanse både av formal og real art har me ynske om å byggja vidare på den faglege kompetansen i museet. Til dømes ynskjer me at fleire av dei tilsette skal kvalifisera for konservator NMF. Me oppmodar også tilsette om å vidareutdanna seg innan sine fagretningar.

Meir spesifikt har me fagkompetanse knytt til samtidskunst, fartøyvern- og maritim kultur, tekstilkultur, bygningsvern og arkitektur, kulturminnevern, folkekunst, reiselivshistorie og samtidskultur.

2.2 Stillingsressursar

Hardanger og Voss museum består av relativt autonome avdelingar (dei tidlegare sjølvstendige museumsinstitusjonane). På nokre av avdelingane har avdelingsleiar forskning som ei uttalt målsetting ved stillinga. Ved Hardanger Fartøyvernssenter har nokre fleire stillingar denne målsettinga. Det er ingen ved museet som har ein klart definert stillingsprosent som skal nyttast til forskning.

Det er altså få som har ei definert forskingsplikt, og i realiteten ingen som har forskingsrett ved museet. Dette, kombinert med museets organisasjon der dei fleste fagstillingane har mykje driftsansvar (prosjektleiing, formidling, avdelingsleiing), har nok medverka til at det har vorte forska relativt lite dei siste åra. Men det finst mykje forskingskompetanse og vilje, og ein må leita etter gode løysingar på dei utfordringane organiseringa gjev dette feltet.

2.3 Eksterne midlar

For HVM med sine avgrensa stillingsressursar kan eksterne forskingsmidlar vera til stor hjelp. Slike midlar gjer det mogeleg å kjøpa fri folk til forskingsaktivitet, eller kjøpa tenester hos andre. Det problematiske med eksterne midlar er at dei ofte er styrt inn mot bestemte problemstillingar og tema. Dei løyvande institusjonane legg premissane for kva me skal forska på. Det er difor viktig å vurdere kritisk ut frå våre eigne behov og kompetanse om ein vil søkja slike tematisk styrte forskingsmidlar.

Dei fleste som løyver midlar til forskning ved musea, krev at me går inn med minimum 50 % eigeninnsats. Det har vi erfart at er krevjande. Det er difor viktig at museet har frie midlar til å leggja inn som eigenandel i slike prosjekt.

3 Organisering av forskning

3.1 Forskingsnettverk og samarbeid

HVM tek aktiv part i prosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland». Prosjektet har som målsetting å etablere eit robust forskingsmiljø på tvers av musea i regionen. Målet med prosjektet er å auka forskingsaktiviteten, styrka forskingssamarbeidet mellom musea og med UH-sektoren, og å leggja til rette for å auka forskingskompetansen gjennom individuelle og institusjonelle tiltak.

Fleire av dei tilsette ved HVM delteke i seminar, workshops og skrivesamlingar i regi av prosjektet. Prosjektet har alt resultert i at me ved HVM har fått ein større forskarfellesskap. Ambisjonen er at denne forskarfellesskapen skal verta permanent, noko som vil vera positivt for forskinga ved museet.

Mykje av musea sitt felles faglege arbeid skjer i dei nasjonale museumsnettverka. HVM er aktivt medlem av Nettverk for Fiskeri- og kystkultur, Drakt og tekstil, Musikk og musikkinstrument, Kunst, Sjøfart, og Handverksnett.

På fartøyvernavdelinga ved HFS driv ein også fagutvikling i samarbeid med andre aktørar.

For Hardanger og Voss museum er det naturleg å søkja meir samarbeid med forskarar og studentar knytt til Universitetet i Bergen. I tillegg har me hatt godt samarbeid med Niku og NTNU under tidlegare prosjekt, og ser for oss at dette kan halda fram.

3.2 Oppfølging og kvalitetssikring av forskning

Forskningsprosjekt som vert gjennomførte i regi av HVM skal godkjennast av direktør og ressursgruppa ved HVM. Søknaden skal fylgja eit fast oppsett (sjå vedlegg 1).

Oppfølging og tilbakemeldingar er viktig for å få til vellukka forskingsprosjekt.

Forskningsinfrastrukturen for musea i Vestland er ein slik arena for tilbakemeldingar. Ut over dette har me oppretta eit forskingsseminar som kjem saman omlag tre til fire gonger årleg. Alle som driv med forskning er velkomne til dette seminaret.

På forskingsseminaret vert ulike forskingsrelaterte tema drøfta på temadagar, og seminaret er også ein arena for å leggja fram forskings idéar og forskning under arbeid.

Ut over tilbakemeldingane i forskingsseminaret ynskjer me å nytta kollegaretleiing som ei fast ordning. I alle forskingsprosjekt skal ein kollega vera fast diskusjonspartnar og tekstlesar.

Ressursgruppa for forskning har ansvar for å førebu forskingsseminaret, dei skal også på anna vis støtta opp om eiga forskning og jobba for å byggja nettverk med andre museum, universitet og forskingsstader og stimulera til publiseringar

3.3 Forskingsetikk

Forsking ved HVM skal retta seg etter dei museumsetiske retningslinjene til ICOM (<http://norskicom.no/det-etiske-regleverk/>) og NESH (Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora, <https://www.forskingsetikk.no/retningslinjer/humsam/forskingsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>).

I musea i Sogn og Fjordane sin forskingsplan vert følgjande sentrale forskningsetiske punkt lista opp. HVM sluttar seg til desse prinsippa, og forventar av alle som forskar ved museet gjer seg kjent med og følgjer desse:

- Forsking i museet skal vera fagleg fri og ansvarleg, samstundes som den er uavhengig og utforskande, og innanfor rammene av samfunnsoppdraget til musea
- Forskinga i museet skal vera sannferdig på alle nivå og i alle relasjonar. Forfalsking, plagiering eller anna manipulasjon av eins eiga eller andre si forskning skal ikkje tolererast
- Openheit kring forskingsarbeidet i museet – både internt og eksternt – skal sikra sterke vitsskapelege resonnement og kvalitet i alle fasar av forskinga.
- Alle tilsette i museet skal respektera eigarskap til og anerkjenning av andre sine publiserte og ikkje-publiserte vitsskapelege idear, prosjektforslag og resultat brukt i eller som grunnlag for sitt eiga arbeid i museet.
- Idear, førebelse resultat og anna ikkje-publisert forskingsarbeid som vert presenterte av forskaren i interne eller eksterne fora skal ikkje nyttast i formidlingssamband eller andre samanhengar før forskaren har publisert resultatata eller godkjend bruk av eins arbeid
- Alle tilsette i museet skal sørge for korrekt bruk og sitering av vitsskapelege resultat, forskingsdata, metodar og idear, som har blitt produserte eller uttrykte både internt og eksternt.
- Alle tilsette i museet skal følgja gjeldande forskrifter og normer for (med)forfattarskap og institusjonell(e) tilknytning(ar) på alle vitsskapelege publikasjonar, rapportar og prosjektforslag.
- Ved forskingsaktivitet i museet skal det leggjast vinn på å gjera informasjon og data ope tilgjengeleg for fagfellar som ynskjer å vurdere våre vitsskapelege metodar og resultat
- Forskingsresultat i museet skal vera av høg kvalitet, korrekt, faktabasert og skal føre til ei transparent formidling av vitsskapsbasert kunnskap til media, avgjerdstakarar, fagfellar, skuler og ålmenta (Forskingsplan for MiSF 2022–24).

4 Pågåande/aktuelle forskingsprosjekt

4.1 Forsking på folkekultur og folkekunst

Skautfelling

Saman med Folgefonn husflidslag og Ringøy og Bu bygdekvinnelag jobbar Hardanger folkemuseum/ Hardanger og Voss museum for å vidareføra kunnskapen om korleis ein lagar skaut til hardangerbunaden. Teknikken er svært komplisert, og har truleg vore nytta sidan mellomalderen, berre i Hardanger. Planen er at handverket skautfelling skal forvaltast i museet på line med andre handverk me tek ansvar for.

Forsking er ein viktig og naudsynt del av prosjektet. Agnete Sivertsen arbeider no med ein artikkel om skautfelling, som skal til fagfellevurdering. I samband med dette vert tidlegare innsamla kunnskap om skaut og skautfelling gjennomgått, inkludert dokumentasjonsfilmar, foto samt ulike skriftlege kjelder. Dette vert både nytta som materiale til artikkelen og som kjelder i den praktiske læreprosessen.

Kroting

Dekorteknikken kroting er knytt til røykstovene i Hardanger og delar av Vestlandet. Ved Hardanger folkemuseum har me eit prosjekt der denne teknikken vert utforska. I perioden har me særleg fokus på krot frå Langasete, Arna, Sotra og Nordhordland. Anne Lise Brask Eriksen har nyleg publisert eit hefte om kroting, som i planperioden også skal publiserast på engelsk. Ho jobbar og med å ferdigstillast ein fagfellevurdert artikkel.

Utvandringa frå Voss til USA

I 2024 skal Eirik Helleve skriva bok om utvandringa frå Voss til USA. Dette vert den fyrste samla framstillinga av utvandringa frå Voss, frå 1836 til i dag. Helleve har permisjon frå museet i tre månader, og reiser då mellom anna til USA for å samla inn stoff. Han legg òg inn opphald ved relevante arkiv og museum i Noreg. Boka kjem ut på Fonna Forlag, og skal vera ferdig til 1. desember 2024.

Vossaduken

Helena Kjepso jobbar med eit prosjekt som handlar om ein kring fire meter lang mellomalderduk som er utstilt på Voss folkemuseum. Det er teke C14-prøvar av duken, og desse syner datering mellom 1440 og 1620. Godt bevarte tekstilar av så høg alder er sjeldne. Det er framleis ein del opne spørsmål kring tilverking, opphav og bruk som skal studerast nærare.

4.2 Forsking på maritim kultur

Ferjekultur

Då bilferga Folgefonn kom i Hardanger og Voss museum sitt eige starta me eit dokumentasjonsarbeid som tok utgangspunkt i denne ferja, men som har utvikla seg til eit noko breiare dokumentasjonsarbeid om ferjekultur på Vestlandet. Me har intervjuast ein del folk som har/har hatt yrkeslivet på ferja. Ut over dette har me intervjuast folk i ferjekøar og sendt ut ei spørjeliste i samarbeid med NEG (Norsk Etnologisk Gransking) om folks ferjebruk. Me vil fortsetta Kilde sanking. Heidi Richardson har med utgangspunkt i dette materialet som mål å skriva to–tre fagfellevurderte artiklar om temaet. Den fyrste kjem i løpet av 2023, og vert publisert i *Norsk museumstidsskrift*.

Gaffelriggeprosjektet

Bakgrunnen for gaffelriggeprosjektet er å samla inn og systematisera utdøyande kunnskap om oppbygging og bruk av den tradisjonelle gaffelriggen. I prosjektet skal det forskast på materialar og handverk i gamle riggdelar, før prosjektmedarbeidarane gjer prosessautentiske rekonstrueringsforsøk. Prosjektet gjennomfører også eit årleg seminar der målet er å ivareta handlingsboren kunnskap gjennom segling med gaffelrigg. Prosjektet har planar om fleire publikasjonar, den fyrste kom i november 2023.

Jaktesfarten

Jaktesfarten var ei viktig næring i Hardanger. Med utgangspunkt i ulike kjelder (intervju med folk som segla jakter i mellomkrigstida, loggbøker og andre skriftlege kjelder) held Heidi Richardson på med

ein artikkel om jakteskipperen og hans kunnskap og relasjon til landskap og natur. Målet er å publisera ein fagfelleverdert artikkel i magasinet *Maritime perspektiv* i 2024 eller 2025.

Kyrkjebåttradisjonar i Hardanger

Framleis ligg det en del kyrkjebåtar i naust langs Hardangerfjorden. Me ynskjer å ta vare på kunnskapen knytt til bygging og bruk av desse båtane. Peter Helland Hansen jobbar med kartlegging av kvar det finst slike båtar, med oppmåling og dokumentasjon, og dessutan innsamling av foto og minnemateriale knytt til desse båtane. Målet med dette forskingsførebuande arbeidet er å skaffa godt med kunnskap og materiale slik at me kan leggja grunnlag for nybygging/kopibygging av slike båtar. Målet er å skriva ei kulturhistorisk orientert bok/hefte med utgangspunkt i denne tradisjonen.

4.3 Forsking på kunst, arkitektur og samtidskultur

Ingebrigt Vik

Kabuso og Ingebrigt Vik museum planlegg å få publisert ein nyskriven artikkel om kunstnarskapet til Ingebrigt Vik innan 2025. Wim van den Toorn har fått stipend frå prosjektet «forskingsinfrastruktur for musea i Vestland», og kan med det avsetta tid det næraste året.

Samlingsbygget, Voss folkemuseum

Via eit djupdykk i arkivet arbeider Tora Lie Brunborg med ein artikkel om samlingsbygget på Voss Folkemuseum og arkitekten bak, Dag Mossige. Bygget var ferdig i 1982 og opna for publikum i 1985. Konstruksjonen, som er ført opp i betong og støypt med justert forskaling med ståande og liggande kledning, gir fasadane både djupne og spel, med klare referansar til Mølstertunet. Det kan bli aktuelt å laga eit informasjonshefte om bygget, tilsvarende dei andre hefta i skriftserien til Voss folkemuseum.

Utstillingsprogrammet 2018–23

Sissel Lillebostad arbeider med ei skisse til ein evaluerte tekst om utstillingsprogrammet i perioden 2018–23, med fokus på utstillingane utvikla spesielt for Kabuso. Me ynskjer å sjå på overordna tema, med dei kuratoriske vala og dei ulike utstillinganes påverknad på programmet i si heilskap.

Opplevingar i verkstadar

Med utgangspunkt i intervju med museumsbesøkande om deira opplevingar i verkstadar ved HFS og med inspirasjon frå nyare museologi har Heidi Richardson plan om å skriva ein forskingsartikkel til magasinet *Norsk museumstidsskrift*. Materialinnsamling sommaren 2023, publisering i 2024 eller 2025.

Hardingfela.no

På folkemusikkfeltet jobbar museet saman med Ole Bull akademiet med satsinga Hardingfela.no. Her går det føre seg mykje metodeutvikling og utprøving, men og samtidsdokumentasjon saman med Hardanger folkemusikksamling, og djupdykk i springartradisjonane i Vestland. Målet for planperioden er at eit av områda Hardingfela.no jobbar med skal utviklast til eit forskingsprosjekt.

5 Formidling av forskning

5.1. Formidling av forskning

For eit museum er det naturleg at forskning og formidling er tett samanvevd. Av og til er det ynskje om å formidla noko som er utgangspunktet for eit forskingsprosjekt. Eit ynske om meir sikker kunnskap

HARDANGER OG VOSS MUSEUM

om eit tema til ei utstilling er eit typisk eksempel på dette. Andre gonger kan ny kunnskap driva fram eit formidlingsprosjekt. Musea er privilegerte ved at me har kunnskap og erfaring i å formidla. Forskinga vår har alle føresetnadar for å koma ut til ålmenta, anten gjennom publikasjonar (rapporter, bøker og artiklar), og/eller gjennom film, biletspel og/eller utstillingar på museet eller på nett.

Viktige publiseringskanalar for HVM si forskning er magasin som fagfellevurderer artiklar som til dømes *Heimen*, *Norsk museumstidskrift*, *Tidsskrift for kulturforskning* og det nyetablerte magasinet *Maritime perspektiver: Kultur – Historie – Samtid*. I tillegg er også magasinet *Fartøyvern* og årbøkene *Gamalt frå Voss* og *Hardanger* viktige publiseringskanalar for forskinga vår.